
Saksnr: 2021/18229-1
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Vestland fylkeskommune - søkje medlemskap i Sunne kommunar

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune søkjer medlemskap i det norske nettverket til WHO - *Sunne kommuner* og sluttar seg til nettverket sine målsettingar, prinsipp og strategiar.
2. Vestland fylkeskommune betaler årleg kontingent, kr 90.000, etter sats for fylkeskommunar. Kostnaden vert dekkja innanfor budsjettet til seksjon plan, klima og folkehelse.
3. Vestland fylkeskommune evaluerer deltaking i nettverket og vurderer nytte av vidare medlemskap etter tre år.
4. Politisk kontaktperson frå Vestland fylkeskommune vert.....

Samandrag

Folkehelsefeltet er eit samfunnsutviklingsområde som krev grenseoverskridande innsats og tett samhandling med lokale, nasjonale og internasjonale aktørar. Utviklingsplanen legg rammer for styrka samhandling og samarbeid for eit sosialt berekraftig Vestland. Fylkesrådmannen legg fram sak om å søke medlemskap i *Sunne kommuner*. Medlemskap i eit nasjonalt nettverk gjev til gong til møteplassar for kunnskapsbygging, utviklingsarbeid og operasjonalisering av berekraftsmåla, og til internasjonalt samarbeid. Medlemskap krev politisk forplikting og involvering. Fylkeskommunen må betale årleg kontingent. Vurderinga frå fylkesrådmannen er at nytte av medlemsskap er stort og kan vere eit verktøy som styrker gjennomføringa av utviklingsplanen særleg knytt til sosial berekraft.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune skal som plan- og folkehelsemynde støtte kommunane i deira arbeid og samtidig arbeide helsefremjande i eiga verksemd. Fylkeskommunen etablerte i 2020 Folkehelseforum Vestland for å styrke folkehelsesamarbeidet i regionen. Både dei regionale folkehelseplanane med handlingsprogram 2014/15-2024/25 og utviklingsplan for Vestland 2020-2024, legg vekt på å styrke fylket sin innsats knytt til sosial berekraft og samhandling. Tiltaket om å søke medlemskap i *Sunne kommuner* er eit oppfølgingspunkt i handlingsprogram for folkehelse (Hordaland) 2018-21. Vestland fylkeskommune er ikkje til no medlem av nasjonale eller internasjonale nettverk på lokalsamfunnsutvikling- og folkehelseområdet. Gjennom medlemskap i *Sunne kommuner* kan Vestland fylkeskommune kople seg på eit godt etablert nasjonalt nettverk. Deltaking vil også gje Vestland tilgang til WHO European Healthy Cities Network.

Vedtakskompetanse

Etter vedtektene til *Sunne kommuner* § 3 må vedtak om å søkje medlemskap gjerast ved politisk viljserklæring vedteken av Fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tiltaket inneber årlege kostnader gjennom medlemskontingent. Kostnaden vert dekkja innanfor budsjettet til seksjon plan, klima og folkehelse. Tiltaket har indirekte økonomiske effektar ved auka kvalitet på utvikling av folkehelsearbeidet.

Klima: Innsatsen til WHO sitt norske nettverk er kopla til arbeidsstrategiar for å sikre den felles framtida vår gjennom berekraftig forbruk og produksjon. Utover dette inneber ikkje tiltaket måloppfylling konkret på klimafeltet.

Folkehelse: Medlemskap i Sunne kommunar vil styrke innsats for å redusere sosial ulikskap som folkehelseoversikta syner negativ utvikling for. Strategiar i nettverket er retta mot å styrke helse og livskvalitet.

Utviklingsplanen: Tiltaket støttar opp om FN sine berekraftsmål med særleg vekt på styrka innsats for sosial berekraft. Tiltaket støttar også opp om fleire mål og strategiar, vil bidra til å setje tydelegare retning for folkehelsearbeidet og tiltaket vil fremje samhandling og gje meirverdi for brukarane våre.

Om *Sunne kommuner* – WHO sitt norske kompetanse- og utviklingsnettverk

Sunne kommuner er eit kompetansenettverk som består av norske fylkeskommunar og kommunar. Kommunar i Vestland er medlemar i nettverket. Nettverket har som mål å bidra til at medlemane arbeider for ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, styrker strategisk arbeid med sosial berekraft og arbeider for å utvikle gode lokale strategiar for implementering av berekraftsmåla. Dette er tråd med retninga i Utviklingsplanen.

Sunne kommuner er organisert som eit medlemsnettverk som vedtek hovudstrategiar for arbeidet kvart femte år. Strategiane i inneverande periode er.

1. *Sunne kommuner* setter folkehelse i sentrum for en berekraftig samfunnsutvikling.
2. *Sunne kommuner* er i front i folkehelsearbeidet.
3. *Sunne kommuner* sikrer helsefremmende politikk.

Medlemsorganisasjonane - gjennom politisk nivå - deltek i årlege generalforsamlingar. Ein viktig premiss for medlemskap er politisk deltaking for å bidra til utvikling av ein helsefremjande politikk. *Sunne kommuner* skal som det norske nettverket for WHO, legge til grunn arbeidsmodell og strategiar frå Healty Cities. Desse strategiane, vist under, er i tråd med innrettinga for utviklingsplan for Vestland – og dermed eit verktøy i eige utviklingsarbeid i fylket.

Arbeidsmodell med strategiar:



Planet- sikre den felles framtida vår gjennom berekraftig forbruk og produksjon
Peace - fremje demokrati og tryggleik gjennom inkluderande samskaping for auka helse og trivsel
Participation - styrke medverknad og samskaping for auka helse og trivsel
Places - skape nærmiljø som fremjar god helse og livskvalitet for alle
People - investere i menneska som utgjer lokalsamfunna våre

Vurdering av nytte av medlemskap for fylkeskommunen og Vestland

Fylkesrådmannen har vurdert i kva grad deltaking i nettverket vil føre til meirverdi for Vestland.

Kan medlemskap bidra til å utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i utviklingsplanen for Vestland?

- Vurderinga er at nettverket sine aktivitetar vil bidra til regional utvikling i Vestland. Dette gjennom deltaking i ein møteplass for erfaringsdeling og samarbeid nasjonalt og internasjonalt.
- Fylkeskommunen får tilgang til aktuelle prosjekt, kurs og samarbeid med forskingsmiljø, direktoratet, inkubatorar og sosiale miljø. Nettverket koplår areal- og samfunnsplanlegging med folkehelsefeltet, og er møteplass for kunnskaps- og erfaringsutveksling med byer regionar i Europa.

Kan medlemskap bidra gi moglegheiter for å påverke viktige rammevilkår for Vestland?

- Vurderinga er at fylkeskommunen kjem tettare på utforming av ny nasjonal politikk på folkehelseområdet ved at nettverket er dialogpart for nasjonale mynde. Vidare vil også fylket delta i nasjonale og internasjonale prosjekt og temagrupper som fokuserer på aktuelle satsingsområde som er viktige for vår region.

Kan medlemskap utløyse ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland

- Vurderinga er at medlemskap ikkje automatisk inneber ekstern finansiering av utviklingsaktivitet. Men gjennom samarbeidet kan deltaking gje inngang til større utviklingsprosjekt og forskningssamarbeid på område viktige for Vestland, som sosial berekraft, stadutvikling, psykisk helse og fleire.

Kan medlemskap bidra til å auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester

- Vurderinga er at medlemskap gjev ein inngangsport til WHO gjennom Healthy Cities, som legg vekt på å skape byar, stadar og nærmiljø som fremjar helse og trivsel. Fylket får også rask tilgang til den nyaste kunnskapen og verktøya frå WHO, noko som vil styrke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar og bidra raskare til ny innsikt.
- Nettverket gjennom politkarinvolvering kan bidra til å setje retning i folkehelsearbeidet i fylket. Nettverket er ein kompetansearena for å auke folkevalde sin kunnskap om effektive verkemiddel på folkehelseområdet gjennom tilgang til politkaropplæring – «ta vare på veljarane dine».

Vilkår ved medlemskap, og organisering av arbeidet i Vestland fylkeskommune

Etter nettverket sine vedtekter 2020 – 2024 vil Vestland fylkeskommune få plikter både på politisk og administrativt nivå.

Om politisk forankring og forplikting

- For å søkje medlemskap må Vestland fylkeskommune slutte seg til å arbeide i tråd med nettverket sine målsettingar, prinsipp og strategiar gjennom ei politisk viljeserklæring frå fylkestinget.
- Vestland fylkeskommune må delta på årleg generalforsamling. Politikarar frå medlemsorganisasjonane er generalforsamlinga i nettverket og representert i styret.
- Vestland fylkeskommune må utnemne ein politisk kontaktperson til *Sunne kommuner*. Kontaktpersonen deltek på generalforsamlinga, og sørger for informasjon om nettverket til ulike politiske organ i fylket.

Administrativ rolle

- Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering ved seksjon for Plan, klima og folkehelse er administrativt kontaktledd.
- Seksjonen utnevner kontaktperson som skal ivareta kontakta mellom Vestland fylkeskommune og sekretariatet i *Sunne kommuner*.
- Vestland fylkeskommune er forplikta til å informere om deltaking i nettverket på fylkeskommunen sine nettsider.
- Fylkeskommunen rapporterer årleg om eige folkehelsearbeid til sekretariatet i nettverket.

Seksjon for Plan, klima og folkehelse vil sikre involvering av andre avdelingar/seksjonar i fylkeskommunen, og andre samarbeidspartar inn mot nettverket der dette er relevant.

Kostnad ved medlemskap

Det er ein årleg kostnad for deltaking i nettverket i form av kontingent. Kontingenten er indeksregulert årleg. For 2021 er dette sett til 1.97 kr x innbyggjar. Fylkeskommunar betalar automatisk maksbeløp som for tida er kr 90 000.

Evaluering, rapportering og ev. oppseiing av medlemskapen

Sidan det er kostnader ved medlemskap i nettverket legg fylkesrådmannen til grunn at nytte av å delta bør evaluerast. Fylkesrådmannen tenkjer seg ei evaluering etter tre år. Ei ev oppseiing av medlemskapen må meldast sekretariatet i nettverket eit år i førekant, og seinast på generalforsamlinga til nettverket det året.

Fylkesrådmannen utarbeider årleg referatsak om arbeidet i nettverket til fylkesutvalet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer at nytteverdien er stor ved innmelding av Vestland fylkeskommune i *Sunne kommuner*. Innmeldinga er i tråd med utviklingsplanen sine føringar på auka samhandling og samarbeid, også for å styrke rolla som samfunnsutviklar innan folkehelsefeltet. Dei strategiske inngangane til *Sunne kommuner* er i tråd med mål og strategiar knytt til både folkehelsearbeidet og ambisjonane om å styrke berekraftsarbeidet i fylket, og vil dermed bidra til auka gjennomføring av utviklingsplanen. Eit styrka arbeid i fylkeskommunen vil innebere vinstar i folkehelsearbeidet i kommunane og i regionen. På nasjonalt nivå er det også ein vinst ved medlemskap at *Sunne kommuner* vert nytta som dialogpart for departement og direktorat - for å drøfte utvikling av folkehelsefeltet nasjonalt. Vestland fylkeskommune vil som medlem kome tettare på internasjonale kompetansemiljø innanfor viktige kjerneområde for eiga verksemd.